

Førstelektor i norsk Hilde Traavik, Høgskolen i Bergen, avdeling for lærarutdanning

”Då eg lerte å lese va det akurat som vera blei snud opp ned.”

Denne utsegna skreiv ein av informantane mine hausten 2009 i eit prosjekt eg gjennomførde skoleåret 2009–10, i ein tekst om ”Bøker og lesing i første til fjerde klasse”. Ein viktig del av prosjektet var det eg kallar ”å marinere elevar i god litteratur”.

Slår ein opp i *Nynorskordboka*, er ordet ”marinade” forklart som ”lake av vin el. olje, eddik, salt og krydder til konservering el. smakstilsetning”. Der skjer ein mørningsprosess med kjøtt som ligg i marinade nokre timar, samstundes med at smaken på maten blir betre. Slik er det erfaringsmessig også med born som blir ”marinerte” i bøker og les mykje, dei blir betre til å lese og skrive. Det er ein god del forskning som også viser dette.

Skoleåret 2009–2010 gjennomførde eg med støtte frå Senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) eit prosjekt der ”marinering” – i overført tyding av ordet – var sentralt. Elevane i ein fjerdeklasse med nynorsk som opplæringsmål på ein skole i nærleiken av Bergen vart ”marinerte i god litteratur” gjennom heile fjerde klasse. ”Marinaden” var eit klasseromsbibliotek på om lag 100 nyare nynorske barnebøker. Det var også nokre klassikarar innimellom. Klasselæraren, som heile tida var utruleg positiv og velvillig, forplikta seg til å lese mykje høgt for elevane, til å gi dei rikt høve til å lese i bøker frå klasseromsbiblioteket, til å la elevane skrive mykje, gjerne i tilknytning til bøker dei las, og til å forsyne underteikna med mange elevtekstar.

Midla frå Nynorsksenteret var tildelte prosjektet ”Å marinere elevar i gode nynorskbøker. Ei undersøking av 4.-klassingars skriftspråkutvikling, gjennom eitt skoleår med mykje lesestimulering og lesing”. Hypotesen min, slik eg formulerte han i søknaden til Nynorsksenteret, var at gjennom å bli ”marinerte” i interessevekkjande skjønnlitteratur og fagbøker, ville 4.-klassingane få ei positiv skrive- og leseutvikling. Spesielt ville eg sjå på korleis rik tilgang på interessevekkjande litteratur kunne verke inn på skriftspråkutviklinga til elevar med nynorsk som opplæringsmål, i eit område med særleg stor påverknad frå bokmålet.

Målet med dette forskings- og utviklingsprosjektet var å gi eit lite bidrag til dokumentasjon på at mykje lesing av høveleg skjønnlitteratur og fagtekstar verkar positivt inn på utviklinga av lese- og skriveugleik hos elevar på det øvste steget i småskolen. Andre har gjort dette før, meir generelt, til dømes viste den amerikanske forskaren Stephen Krashen alt i 1987 forskning som tyda på at lesing – i tillegg til å utvikle leseugleik – er det som best utviklar skriveugleik. Krashen meinte elles at høgtlesing (av lærar, foreldre eller meir kompetente barn), står i ei særstilling i så måte. Dette med høgtlesing vart ekstra interessant i prosjektet mitt, mellom anna fordi to av dei om lag ti tekstane som elevane skreiv og som eg fekk hand om, vart skrivne i tilknytning til Maria Parr: *Vaffelhjarte* (2006) og Astrid Lindgren: *Brødrene Løvehjerte* (1974), etter at læraren las bøkene høgt for elevane.

Informantar, skole, dialekt

Skolen som vart valt ut, ligg på Sotra, berre nokre få kilometer frå Bergen sentrum. (Eg har anonymisert skolen sitt namn ved å kalle han ”Sotra skole” i denne artikkelen.)

Dialekten i skolekrinsen er frå gammalt av nynorsk-nær, men dette har endra seg ein god del i og med brusaband til fastlandet og storbyen Bergen, og tilflytting av mange bergensarar.

Den yngre generasjonen snakkar ein dialekt som er sterkt påverka av bergensk talemål. Eit resultat av tilflyttinga er at meir enn halvdel av dei nærare 300 elevane på skolen har bokmål som opplæringsmål. Til dømes var det 39 elevar fordelt på to klassar på 4. trinn skoleåret 2009–2010, men berre 15 av dei hadde nynorsk som opplæringsmål.

Informantane mine i klasse 4a, som altså har nynorsk som opplæringsmål, består av 15 elevar, tre jenter og tolv gutar. Av ulike grunnar brukte eg berre elleve av dei i forskingsprosjektet. Eg anonymiserte elevnamna ved å kalle dei "Elev 1" osv. (Elevane 1, 2, 5 og 9 er dei eg ikkje brukte.) Kontaktlæraren er ein svært dyktig og engasjert lærar, som i tillegg er øvingslærar ved Høgskolen i Bergen.

Tanken var lenge at eg skulle ha ein kontrollklasse der elevane *ikkje* fekk spesiell stimulans når det gjeld bøker og lesing. Eg fann etter kvart ut at det ville bli eit for stort prosjekt for meg aleine, også ut frå ressursane eg hadde til rådvelde, så eg slo det frå meg. Prosjektet mitt er derfor å rekne som ein kasus-studie.

Prosjektstart = skolestart i fjerde klasse

Få dagar etter skolestart i august 2009 hadde eg den store gleda å "vere julenisse" fem månader for tidleg. Eg viste fram og snakka om alle bøkene som skulle utgjere klassen sitt eige bibliotek. Dei vart plasserte i stativ og hyller læraren hadde gjort klare på førehand. Elevane var svært interesserte, og kom med mange begeistra og engasjerte utsegner undervegs. Spesielt stor interesse vekte bøker dei tidlegare hadde lese utdrag frå i lesebøkene sine. Eg sparde ei av bøkene til slutt, nemleg Maria Parr: *Vaffelhjarte* (2006). Den nest siste boka eg presenterte, var *Les for meg* (2008). Der hadde eg valt utdraget frå *Vaffelhjarte*, "Noas sjark", som eg las høgt for elevane. Dei storkosa seg. Deretter fann eg fram *Vaffelhjarte*, spurde elevane om dei hadde lyst til å høyre meir frå denne boka – det hadde dei! – og gav ho til læraren, som lova å begynne å lese den høgt for dei neste dag. Til slutt skreiv elevane ein logg for dagen, som vart del av materialet mitt.

Etterpå hadde eg møte med læraren, der vi snakka om klassen, elevane og undervisninga. Læraren gav då uttrykk for at elevane var flinke til å lese, men at det skorta ein del på skrivelyst og skriveglede. Ho meinte det kunne skuldast at ho sjølv ikkje syntest ho var så flink til å inspirere elevane på dette området.

Det vidare arbeidet

Gjennom prosjektåret fekk eg hand om elleve tekstar frå kvar av elevane:

Tekst 1: Logg etter at underteikna hadde besøkt klassen og overlevert klasseromsbiblioteket

Tekst 2: "Lesing og bøker i første til tredje klasse"

Tekst 3: Tekstar skrivne etter høgtlesing av Maria Parr: *Vaffelhjarte*

Tekst 4: "Skumle historier"

Tekst 5 a) og 5 b): "Den beste boka eg har lese" (i to versjonar frå kvar elev)

Tekst 6): Tekstar skrivne til ulike bilete av Edvard Munch

Tekst 7): Fødselsdagshelsing til underteikna. (Flottare fødselsdagshelsing er vanskeleg å tenkje seg!)

Tekst 8): Tekstar skrivne etter høgtlesing av Astrid Lindgren: *Brødrene Løvehjerte*

Tekst 9): Tekstar skrivne til såkalla "Globi-kort" (ein slags teikneseriefigur)

Tekst 10): Ulike oppgåver, elevane fekk tre å velje mellom.

Eg har skrivne ein lengre rapport der eg mellom anna har analysert alle tekstane frå elleve av dei 15 elevane. I denne artikkelen vil det føre for langt å omtale alle tekstane og gjengi kva eg fann ut då eg analyserte dei. Eg vel derfor å omtale berre tre av tekstane, nemleg dei elevane skreiv etter at læraren hadde lese høgt for dei frå *Vaffelhjarte* (tekst 3) og *Brødrene Løvehjerte* (tekst 8), og som vart sett saman til klassebøker, og ”Den beste boka eg har lese”, i to versjonar (tekst 5a og 5b) frå kvar elev. Dette valet gjer eg av plassomsyn, men mest fordi desse tekstane er så direkte resultat av det eg før har kalla for ”marinering i god litteratur”.

Kva gjekk analysen ut på?

I løpet av prosjektperioden fann eg også ut at eg ikkje kunne undersøkje elevtekstane på alle tenkjelege måtar, eg måtte avgrense meg. Eg valde då å konsentrere meg om elevane sin bruk av ord frå bokmål og frå bergensdialekten i tekstane sine, ut frå ein hypotese om at ”marineringa” ville føre til at talet på bokmålsord og typiske ord frå bergensdialekten ville gå ned i elevtekstane.

Eg har definert bruk av bokmålsord og ord som skriv seg frå bergensdialekt, som ”feil” i elevtekstane. Eg har brukt nettutgåva av *Nynorskordboka* som standard for kva som kan definerast som nynorske ord. Eg undersøkjer altså ikkje om elevane *stavar* orda rett.

Eg opererer med omgrepet ”feilprosent”, som eg har rekna ut ved først å telje kor mange ord den enkelte teksten er på. Deretter har eg talt kor mange bokmåls- og bergensdialektord han inneheld, og rekna ut kor stor prosent dei utgjer av heile teksten.

Eg grunngir fokuseringa på bokmåls- og bergensdialekt-ord med at elevar med nynorsk som opplæringsmål blir sterkt påverka av bokmål, etter som det er den målforma som er mest utbreidd – ikkje minst innanfor sentrale påverknadskanalar som TV, Internett, teikneseriar og andre språklege og kulturelle ytringsformer. Dessutan er området der ”Sotra skole” ligg under stor påverknad frå bergensdialekten.

Smakebitar frå dei tre utvalde tekstane

Vaffelhjarte

I slutten av september fekk eg e-post frå klassestyraren, der det stod ”Vaffelhjarte” i emnefeltet, og ei PowerPoint-fil med same namn låg ved. Fila inneheldt Boka om Vaffelhjarte, skriven av klasse 4a på ”Sotra skole”. Elevane hadde skrivne til dels lange tekstar, og laga frodige og fargerike illustrasjonar til. Læraren skreiv mellom anna at ”elevene har en helt annen giv med å starte skrivearbeidet nå enn de hadde før sommeren. De setter i gang!”

Tekstane i denne boka vart ”tekst 3” i materialet mitt – og dei visuelt flottaste produkta. Eg tar med den flotte framsida, i tillegg til eit døme på ein elevtekst:



Noas sjark
 Det var ein gut og ei jente
 dei het Lena og Trille. Ein dag
 bestemte Lena og Trille seg for å
 ta sjarken til onkel Tor, dei fylte
 sjarken med dyr dei tok insekter,
 og ei ku i tenåra. Tus sklei i geite-
 bøsken å falt på sjøen så kom
 onkel Tor og redda dei. Han sa at
 hvis dei noen sinne nærmet seg
 eiendommen hans igjen skulle han
 slå hodet dems ned i magen dems.
 Lena sa at det eneste som var
 flaks med det var at dei kunne
 sjå gjennom navlen.

Tekst om "Vaffelhjarte", skriven av "Elev 12", gut.

Den beste boka eg har lese

I november skreiv elevane om
 "Den beste boka eg har lese".
 Desse tekstane er særst
 interessante, fordi fleire elevar
 har skrivne om bøker dei har lese
 på bokmål. Som del av
 prosjektet mitt undersøkte eg
 derfor om det er fleire
 bokmålsord i desse tekstane enn
 i andre tekstar elevane har
 skrivne. Her er ein av tekstane frå
 denne bunken:

Tekst om "Den beste boka eg har lese", skriven av "Elev 7", jente.

Den beste boka eg har lese
 Den beste boka eg har lese heiter Sara. Det er Pia
 Hagmar som har skreive boka. Bøkene hennes er
 best, Sara har ein hest som heiter Star ho meiner
 ho alltid kan gå til han når ho er lei seg. Foreldra
 hennar er skilt og begge har gifta seg på nytt, ho
 har fått ei ny syster som heiter Lisa og ho bor
 bare hos faren sin, men ho og har foreldre som er
 skilt. Ho har ein lillebror også men han husker eg
 ikkje namnet på han. Sara har også ein kjærast som
 heiter heiter Jonte. Han og her ein hest som heiter
 Daisy og liker veldig å galoppere. Det er ein stor
 oppleving. Sara og Jonte er veldig gode venner dei
 fortel hemelegheiter til kvarandr. I love Sara book.
 skrevet av Julie

Det bør nemnast at elevane arbeidde prosessorientert også med denne teksten. Dei skreiv eit førsteutkast for hand, som dei så skulle skrive om og finpusse, før dei skulle skrive tekstane på datamaskin. Svært mange av elevane ombestemte seg då dei skulle skrive teksten på datamaskin, og skreiv heller eit nytt førsteutkast om ei anna bok. Somme skreiv såleis om to nynorske bøker dei hadde lese, somme om to bokmålsbøker, og somme skreiv om ei nynorsk bok og ei bokmålsbok.


Brødrene Løvehjerte

Då juleferien var slutt, valde den kloke læraren *Brødrene Løvehjerte* av Astrid Lindgren til høgtlesingsbok. Årsaka til dette valet var at ein av elevane i klassen mista far sin rett før jul. Etter at boka var lesen ut, skreiv elevane tekstar om ho, og dei vart sette saman til bok. Desse tekstane vart "Tekst 8" i materialet. Læraren fortalde at elevar som før hadde vore motvillige skrivarar, *måtte* få ta teksten med seg og skrive han ferdig heime. Boka vart lesen høgt på bokmål, og noko av det som er interessant å sjå etter i elevtekstane, er om det er fleire bokmålsord i denne enn i andre tekstar. Nedanfor er det eit døme frå boka elevane laga om *Brødrene Løvehjerte*.

E10

Brødrene Løvehjerte

Brødrene Løvehjerte handlar om to brødre. Den eine heitte Jonathan og den andre heitte Karl. Ein dag begynte det og brenne og Jonathan skulle redde bror si. Dei hoppet ut av eit vindu. Jonathan døydde. Han kom til Nangiala. Der kom Karl og. Han fant Jonathan der. Der ble han kjent med mange. Ein dag fortalte Sofia at Orvar var tatt i kattlagrotten. Jonathan skulle leite etter han. Han gjekk over fjellene. Karl drøymte at Jonathan roppte på hjelp. Så bestemte Karl seg for og reise til klungerdalen. Han reiste opp i fjellene. Han fant ein hule han kunne overnatte i. Når han hadde gått inn kom det to menn. Dei heit Veder og Kader. Etter hvert kom det ein til. Det var Jossi. Din foreder. Veder og Kader skulle sette kattlamerket på brystet hans. Jossi ridde tilbake. Veder og Kader skulle reise til klungerdalen. Dei tok ut hestene sine. Så dro dei. Men så knegget Fjaler. Veder dro tilbake til hulen. Han fant oss. Han tok dei. Dei ridde til klungerdalen. Veder og Kader spurte kor Karl budde. Karl svarte eg bur hos farfare min i tornerosedalen. Du får vis oss det huset sånn at vi får snakket med han. Dei ridde mot muren i klungerdalen. Så måtte dei si passordet. All makt til tengil vår befriar. Så gjekk dei inn i klungerdalen. Når dei hadde gått litt langt spurte dei om det var langt igjen. Han svarte at det ikkje var langt igjen. Då dei kom til eit kvitt hus hoppet Karl av fjaler. Han løp bort til ein som het Mattias og sa at han måtte si at han var farfare hans. Og det gjorde han. Så gjekk dei inn i huset til mattias. Mattias skulle vise Karl noko. Han dytta vekk ein komode og sa at han måtte gå ned i hullet. Der møtte han Jonathan. Ein dag kom det to som skulle leite etter Jonathan. Dei lette overalt. Dei fann han ikkje. Etter kvart ble det krig mellom klungerdalen og tengils menn. Ddet var mange som ble drepne. Til slutt kom tengil og Jonathan mot kvarandre. Katla var der og. Dei ridde mot kvarandre. Jonathan fikk tak i luren. Han bestemte over Katla. Tengil vart drept. Jonathan og Karl gjekk opp i fjellene. Når dei hadde fyrt eit bål sa Jonathan eg er lam eg ble truffet av Katla. Skal du dø no igjen sa Karl. Da kommer eg til Nangilima. Til Nangilima. Vis du skal der så skal eg og. Da må vi dø saman. Vi kan hoppe utenfor Karmafassen. Ok. No tar eg deg på ryggen. Akkurat som du gjorde med meg i byen. Ok. Så hoppet dei og kom til Nangilima.



Tekst 8, "Brødrene Løvehjerte", skriven av "Elev 10", gut.

Tekstlengd = teikn på skriveglede?

Læraren har ved fleire høve sagt at elevane har fått mykje større skriveglede i løpet av fjerde klasse. Dersom lengda på tekstane kan tolkast som uttrykk for skriveglede, støttar funna mine absolutt dette inntrykket. Den gjennomsnittlege lengda på elevtekstane har eg rekna ut er på 104 ord. Tekst 9, skriven etter høgtlesing av *Brødrene Løvehjerte* i januar 2010, er den klart lengste av tekstane til ti av dei elleve elevane.

Vaffelhjarte-teksten, som vart skriven tidleg i skoleåret (september) er godt over klassegjennomsnittet på 104 ord. Hos ni av dei elleve elevane er lengda på denne teksten til dels mykje større enn den gjennomsnittlege tekstlengda.

Brødrene Løvehjerte las læraren høgt for klassen i januar, altså fire månader seinare enn *Vaffelhjarte*. Tekstane om *Brødrene Løvehjerte* er dei absolutt lengste. Med unnatak av ein elev, er dei vesentleg lengre enn den gjennomsnittlege tekstlengda. Denne eine eleven sin *Brødrene Løvehjerte*-tekst er på 107 ord, altså berre litt lengre enn gjennomsnittet. Dei ti andre elevane sine tekstar er på mellom 150 og 1122 ord.

Den 1122 ord lange teksten er ekstra interessant. Eleven som har skrive han, er ikkje blant dei ivrigaste eller lengst komne skrivarane og lesarane i klassen, tvert om. Om ein held denne teksten utanfor utrekninga, har tekstane til denne eleven ei snittlengd på 83 ord, altså godt under den gjennomsnittlege tekstlengda i klassen. Skriveoppgåva om *Brødrene Løvehjerte* har tydelegvis fenga han – og resten av elevane.

Kva kan grunnane vere til at dei to tekstane elevane har skrive i tilknytning til bøker læraren har lese høgt for dei, skil seg ut med omsyn til lengd – og truleg motivasjon og skriveglede? Ein viktig føresetnad for at ein skal oppleve lyst og motivasjon i møte med skriveoppåver, er at ein har noko å skrive om. Når det gjeld skriveoppgåver knytt til tekstar som er lesne og arbeidde med i klassen, er denne føresetnaden godt varetatt. Slike skriveoppgåver må kunne definerast som ”eg-forankra skriving”, skriving som er forankra i det enkelte barnet sitt hovud, kropp og kjensler (Hagtvet 2004, 197–199). Det å lytte til ei god bok, bli kjent med personane og handlinga over tid, og delta i samtalar om teksten, fører truleg til ei forankring i kvar enkelt elev sine ”hovud, kropp og kjensler”, og dette tar dei med seg inn i skrivesituasjonen. Endå meir ”eg-forankra” enn *Vaffelhjarte*-teksten var nok teksten elevane skreiv om *Brødrene Løvehjerte*. Læraren las som nemnt boka for klassen som eit ledd i sorgarbeidet etter at ein av elevane mista far sin. Dette kan ha gitt opplevinga av boka ein ekstra dimensjon i elevane sine tankar og kjensler.

Ein annan viktig føresetnad for skrivelyst og -motivasjon er at det skal vere eit formål med skrivinga. Elevane visste, då dei gjekk i gang med både *Vaffelhjarte*- og *Brødrene Løvehjerte*-tekstane, at dei skulle publiserast i klassebøker. Dermed låg det godt til rette for at nokon skulle lese tekstane.

Ein faktor som kan ha verka med til at *Brødrene Løvehjerte*-tekstane vart så lange, kan vere at elevane var blir blitt tre–fire månader eldre enn då dei skreiv dei to andre tekstane eg omtalar, noko som sjølv sagt bidreg til å utvikle skriftspråksferdigheitene. Men tekst 9 og 10, som vart skrivne seinare, er kortare enn tekst 8 hos samtlege elleve elevar. Dette kan tyde på at skriveoppgåva knytt til Astrid Lindgren si bok i særskilt grad var motiverande og viktig for elevane.

”Feil” i elevtekstar skrivne etter høgtlesing av nynorskbok og bokmålsbok

I tilknytning til drøftinga av lengd på tekstane om bøkene *Vaffelhjarte* og *Brødrene Løvehjerte* ovanfor, vil eg ta for meg prosenttalet på ”feil” (slik eg har definert det på s. 4, som innslag av ord og stavemåtar som ikkje er å finne i *Nynorskordboka*) i desse elevtekstane. I tabellen nedanfor er prosenttala runda av til næraste heile tal.

	<i>Vaffelhjarte</i>	<i>Brødrene Løvehjerte</i>
Elev 3	2 %	5 %
Elev 4	9 %	5 %
Elev 6	5 %	4 %
Elev 7	7 %	11 %
Elev 8	0 %	3 %
Elev 10	5 %	8 %
Elev 11	12 %	10 %
Elev 12	7 %	2 %
Elev 13	7 %	5 %
Elev 14	8 %	4 %
Elev 15	2 %	4 %

”Feilprosent” i tekstar skrivne etter høgtlesing av M. Parr: *Vaffelhjarte* og A. Lindgren: *Brødrene Løvehjerte*

Ein kunne ha venta at det ville vere ein større grad av bokmålspåverknad i *Brødrene Løvehjerte*-tekstane enn i *Vaffelhjarte*-tekstane. Slik er det berre i tekstane til fem, altså under halvdel, av dei elleve elevane i utvalet. Mest sannsynleg kjem dette av at det gjekk fire månader frå elevane skreiv *Vaffelhjarte*-tekstane til dei skreiv om *Brødrene Løvehjerte*, og at dei har dei lese mykje, skrive mykje og mognast – og dermed utvikla skriftspråket sitt så mykje at dei ikkje blir spesielt påverka av å høre Astrid Lindgren si bok på bokmål. Vurdert ut frå desse tala har altså meir enn halvdel av elevane hatt ei positiv utvikling frå september til januar, med omsyn til bokmåls- og bergensdialekt-påverknad i tekstane sine, også når dei skreiv om ei bok læraren har lese for dei på bokmål.

Tekst 5 (5a og 5b) i materialet heiter ”Den beste boka eg har lese”. Her har elevane skrive om både bokmåls- og nynorskbøker. Læraren lét dei først skrive eit utkast for hand, som dei seinare skulle skrive på datamaskin. Ein del av elevane ombestemte seg før pc-skrivinga og har først handskrive om éi bok, så skrive på pc om ei anna. Eg fann det som sagt interessant å undersøkje om det er større grad av bokmålspåverknad i tekstar skrivne om bokmålsbøker, enn i tekstar skrivne om nynorskbøker. Elevane 3, 4 og 6 skreiv om nynorske bøker, medan elevane 7, 8, 10 og 11 skreiv om bokmålsbøker. Elevane 5 (som ikkje er med elles i undersøkinga mi), 12, 13, 14 og 15 skreiv alle om éi bokmåls- og éi nynorskbok, og desse ser eg på som særst interessante. Verkar målforma bøkene er lesne på, inn på språket i tekstane elevane skriv om desse bøkene? Tekstane vart skrivne omtrent samstundes, i siste halvdel av november.

Elev	Tekst om bokmålsbok/ feilprosent	Tekst om nynorsk bok / feilprosent
5	5a), 10 %	5b), 4 %
12	5b) 8 %	5a) 6 %
13	5a) 0 % (teksten er på 8 ord)	5b) 27 %
14	5b) 10 %	5a) 5 %
15	5b) 5 %	5a) 2 %

Figur 2: "Feilprosent" i elevtekstar om "Den beste boka eg har lese".

Sjølvsagt kan ein innvende at utvalet er lite, men likevel: Fire av dei fem elevane har lågare feilprosent i tekstane dei har skrivne om bøker skrivne på nynorsk, enn i tekstane dei har skrivne om bøker skrivne på bokmål. Den femte eleven har eit litt anna mønster, som kan vere vanskeleg å forstå. Teksten han skreiv om bokmålsboka er på berre åtte ord, og i ein så kort tekst er det rett og slett ikkje plass til å gjere særleg mange feil. Denne eleven er klassens raskaste lesar, og har stort sett alt rett på leseprøvene. Men han er ein gut med mykje uro i kroppen, så han kan ha hatt ein dårleg dag og låg konsentrasjon då han skreiv teksten om nynorsk boka han hadde lese (og også då han skreiv berre åtte ord om bokmålsboka).

Oppsummering

Etter å ha arbeidd med prosjektet i meir enn eitt år, er det no på sin plass å oppsummere og å prøve å finne svar på følgjande spørsmål: Kva har eg funne ut gjennom prosjektet "Å marinere elevar i god litteratur"?

Med handa på hjartet må eg seie at eg ikkje funne så mange eintydige resultat. Dette er for så vidt i samsvar med det Flyvbjerg (2004) seier i artikkelen "Five misunderstandings about case study research: "Case studies [...] can neither be briefly recounted nor summarized in a few main results. The case story is itself the result" (s. 430).

Eg har likevel funne nokre interessante tendensar, og eg vil særleg trekkje fram to:

1. *Nedgang i talet på ord frå bokmål og bergensdialekten i elevane sine tekstar.* Hypotesen min, at gjennom å bli "marinerte" i interessevekkjande skjønnlitteratur og fagbøker, ville 4.-klassingane få ei positiv lese- og skriveutvikling, meiner eg er bekrefta. Eg vil sjølvsagt ikkje påstå at den positive utviklinga eine og aleine kjem av tilgangen på og tida til å lese bøker frå eit velutstyrt klasseromsbibliotek. Andre faktorar, som generell mogning, undervisning og annan stimulans, gjer også sitt til at lese- og skriveferdigheitene aukar.

Eg har undersøkt berre ein liten del av den samla kompetansen til kvar enkelt elev, nemleg kor mange ord frå bokmål og bergensdialekten dei brukar i tekstane, og om slike feil blir prosentvis færre – som resultat av mellom anna "marineringa" i eit godt utval av skjønnlitteratur og fagbøker for barn. I tabellen under går det fram at nesten to tredelar av elevane har lågare feilprosent i tekstar skrivne i vårhalvåret enn i hausthalvåret.

Elev	feilprosent haust	feilprosent vår
3	6.0	5.0
4	7.3	5.0
6	5.0	6.0
7	7.0	13.0
8	3.1	6.0
10	6.8	5.2
11	5.8	8.2
12	8.3	5.7
13	11.7	3.5
14	6.7	6.0
15	3.9	2.2

Figur 15: Tabellen viser gjennomsnittleg feilprosent haust og vår hos dei elleve informantane.

Sju av dei elleve informantane har litt, eller markant, lågare gjennomsnittleg feilprosent i tekstane dei skreiv etter jul, enn i tekstane dei skreiv om hausten. Éin (elev 6) går berre litt tilbake, frå 5 til 6 prosent, to (elev 8 og elev 11) går noko meir tilbake, medan ein elev (elev 7) går mykje tilbake, frå 7 til 13 prosent.

Eg meiner å ha funne ein tendens til at god tilgang på interessevekkjande litteratur kan ha verka med til at bokmålspåverknaden og bruk av ord frå bergensdialekten har gått ned hos fleirtalet av elevane.

2. Lesing kan gi skriveglede

Som nemnt er tekstane elevane har skrive i tilknytning til bøker dei har lese, dei lengste hos nesten alle. I ei særstilling står tekstane dei skreiv etter at læraren hadde lese Maria Parr si bok *Vaffelhjarte* og Astrid Lindgren si bok *Brødrene Løvehjerte* høgt for dei. Desse elevtekstane formeleg sprutar av skriveglede, og dei stadfestar at lesing og skriving bør gå hand i hand, som det står mellom linjene i norskplanen i Kunnskapsløftet, og i mykje av faglitteraturen om lese- og skriveopplæring.

Gjennom prosjektperioden kom læraren titt og ofte med utsegner om at elevane sine haldningar til skriving hadde endra seg mykje frå året før, og at ho meinte ”marinaden” i form av lett tilgang på bøker og meir tid sett av til lesing, var hovudårsaka.

Etter å ha gjennomført dette prosjektet er eg ikkje blitt mindre sikker enn eg var før, på at ”marinering i god litteratur” er ei god ”oppskrift” for utvikling av skriveglede og skriveferdigheiter hos elevane.

Litteraturliste

Flyvbjerg, B. (2004). Five misunderstandings about case study research. I: Seal mfl.. (red.).

Qualitative Research Practice. London/ California: Sage

Hagtvet, B.E. (2004). *Språkstimulering. Tale og skrift i førskolealderen*. Oslo: Cappelen

Akademisk Forlag

Krashen, S. (1987). *Writing, Research and Applications*. Oxford: Pergamon Press

Nynorskordboka:

<http://www.dokpro.uio.no/perl/ordboksoek/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk=S%F8k+i+Nynorskordboka&ordbok=bokmaal&alfabet=n&renset=j>